



Karmøy kommune
Att:
Pb. 167
4291 Kopervik

Karmøy kommune - Uttale til søknad om tilknytning til offentleg vatn & kloakk gnr38, bnr139 Habnavågvegen 50

Viser til brev av 15.11.2022 med søknad om tilknytning til offentleg vatn og kloakk i Habnavågvegen 50.

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgje for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet.

Tiltakshavar vil legge røyrleidningar i sjø ut til der dei kommunale leidningane er. Leidningane kjem ut i område for ålegras. Ålegras har stor betydning som oppvekst- og beiteområde for torsk og andre arter, som bl.a. er viktige for yrkes- og rekreasjonsfisket langs kysten. Dei er sårbare for utbygging i strandsona og særleg sårbare for menneskeleg aktivitet. Summen av mange små inngrep medfører et sterkt press på ålegrasengene våre. Grunne sjøområde med ålegras er ein avgrensa og sårbar naturtype. Ålegrasengene har hatt ei negativ utvikling nasjonalt og globalt. Det er derfor viktig at dei som er igjen takast vare på. Ålegras vil påverkast negativt ved bl.a. overskygging, mogleg oljelekkasje, mekanisk påverking av båtmotorar mv. Det er viktig at ein unngår, også gjennom mindre tiltak med tilsynelatande små konsekvensar for det marine miljø, eit uønska totalresultat, f.eks. for lokale artsbestandar av fisk, ålegrassamfunn og anna marint biologisk mangfald. Ut frå totalbildet med omsyn til bestandsutviklinga for villfisk er alle gruntvassområde og andre habitat svært viktig å bevare.

Det må takast omsyn til området med ålegras.

Med helsing

Tom Hansen
konstituert seksjonssjef

Ingerid Bjørkevoll
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.

Mottakarliste:

Karmøy kommune

Pb. 167

4291 Kopervik

